


# Bokn Bygdablad

Nr. 8 oktober 2012 – Årg. 27



NM-suksess! – s. 4

Ny bru – s. 8

Innsamlingsrekord – s. 12



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ BOKN





## Kjære sambygding

### Reguleringsplanar Rogfast

Planlegginga av Rogfast går raskt framover og nå har Statens vegvesen laga forslag til reguleringsplanar for E39 Rogfast i kommunane Randaberg, Kvitsøy og Bokn. Reguleringsplanane blei presenterte og gjennomgått med representantar frå Statens vegvesen i auditoriet på Bokn skule i eit informasjonsmøte den 23. oktober. Godt og vel 50 personar møtte opp for å høyra siste nytt om prosjektet.



**Nytt planfritt kryss og avkjøringar på E39 ved Austre Bokn, her illustrert i fotomontasje, skal stå klart før opninga av Rogfast. Fotomontasje: Statens vegvesen, Cowi.**

Reguleringsplanane ligg nå ute på servicetorget og biblioteket.

Etter at planane har vore på offentlig høyring, skal merknader til planane handsamast før kommunane gjer vedtak.

Statens vegvesen har gjennomført reguleringsarbeidet i nært samarbeid med kommunane Randaberg, Kvitsøy og Bokn. Internt i Statens vegvesen blir planarbeidet styrt av prosjektavdelinga i Region vest. I tillegg er det oppretta referansegruppe i planarbeidet. I denne gruppa sit fylkesordførar, ordførarar i dei kommunane det gjeld og ein del nabokommunar, i tillegg til LO og NHO.

Det er også etablert ei administrativ kontaktgruppe der den administrative leinga i dei tre kommunane prosjektet gjeld, deltek saman med Rogaland fylkeskommune og fylkesmannen i Rogaland.

Prosjektet er prioritert i siste del av perioden under føresetnad av at det er lokal godtaking for delfinansiering med bompengar. I forslaget til NTP 2014–2023 er dette følgt opp. Reguleringsplanen skal vera på høyring fram til 20. november, og denne høyringsperioden dannar grunnlaget for handsaminga i Stortinget sommaren 2013. Går alt etter planen kan det bli byggestart i 2015, og opning i 2022–2023.

### Statsbudsjettet for 2013

Den 08. oktober blei regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2013 lagt

fram og her går det mellom anna fram at regjeringa legg opp til ein realvekst i kommunesektorens samla inntekter i 2013 på 6,8 mrd. kroner. Av denne veksten er 5 mrd. kroner frie inntekter, noko som er svært positivt.

Forslaget til statsbudsjett gir likevel ikkje grunnlag for nokon fest i kommunenoreg. Veksten i dei frie inntektene i 2013 heng saman med kommunesektorens stipulerte meirutgifter knytt til folketalsutviklinga. Budsjettforslaget vil nok jamt over kunne bidra til at kommunane kan oppretthalda dagens tenestetilbod, men eg trur det blir små rom for oppgradering og nysatsingar der velferda blir produsert.

Bokn kommune får ein auke i statlege overføringar på 1,3 %, noko som plasserer oss på jumboplass i forhold til resten av Rogaland. Gjennomsnittet for kommunane i Rogaland ligg på 4,5 % prosent, og 4,1 % for heile landet. Rennesøy kommune får mest med ein auke på 6,8 prosent. Viss ein då trekk frå lønns- og prisstigninga til neste år, pensjonsforpliktingar og ser på dei demografiutfordringane me har som vekstkommune, er det knapt nok pengar til å vidareføra den drifta som me har i dag. Faktisk ligg det an til ein realnedgang på 2 %.

Eg kan alt no varsle at kommunebudsjettet for 2013 blir stramt og bør innehalda visse innstrammingar og omprioriteringar. Det blir såleis ein

krevjande jobb, både politisk og administrativt, å få budsjettet i hamn.

Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag i byrjinga av november, og kommunestyret gjer vedtak den 18. desember.

### Utbygging barnehage

Arbeidet med å utvida Bokn barnehage går for fullt og ein viktig milepæl blir nådd i november når prosjektet blir lagt ut på anbod. Arbeidsgruppa har jobba effektivt og målretta, og i løpet av november blir dei endelege skissene ferdigstilt, med mellom anna fasadeskisser og romprogram. Barnehagestyrar sit i arbeidsgruppa, og ho har hatt tett dialog med sine pedagogiske leiarar for å få ein god medverknad, spesielt i forhold til utforminga av romprogrammet.

Prosjektet blir i slutten av november lagt ut på anbod i tre veker. Oppunder jul vil ein ha oversikt over prisar og kostnader, og dette dannar grunnlaget for sak om finansiering som går til politisk handsaming i februar 2013.

Ein satsar på å kome i gang med bygginga i løpet av vinteren 2013, og med ein byggeperiode på om lag eit halvt år. Går alt dette etter planen kan den nye avdelinga takast i bruk til hausten 2013 i samband med oppstart av nytt barnehageår.

*Ordføraren*

# Helsemassasje

Jardar Havikbotn

**På måndagar kan du få helsemassasje på Boknatun, i same lokalet som Bokn Fotterapi - rommet ved sida av Allrommet.**

Ingunn Are tilbyr heilmassasje og halvmassasje - og KST. Det siste står for Kranio-sakral terapi - ei avspennande behandlingsform som omfattar ansiktet, hovudet, ryggstøyla og korsbeinet.

Avspenning er eit sentral stikkord når eg snakkar med Ingunn, å avspenna musklar, å opna opp for betre flyt av blodet rundt om i kroppen. Ho fortel meg om spinalvæska i hjernen, og at det også her handlar om å opna opp for god sirkulasjon, å hjelpe kraniet til å ordna opp sjølv.

## Slitasje og stress

- Det er mykje som sit i musklane, seier Ingunn, som i tillegg til boknarar har kunder både frå Tysvær og Finnøy. Ofte er det folk som har vore sjuke over lengre periodar, og slitasjeskader og stress er ganske vanleg blant dei besøkande. Behandlinga er både reparerande og førebyggjande, og bygger på gamle kinesiske tradisjonar.

- Dette er akupunktur med fingrane, fortel den tidlegare læraren, som veit godt kva for nokre punkt i kroppen ho skal trykka på. I tillegg til medisin grunnfag har ho studert austleg filosofi, energi- og meredianlære, muskelterapi, og har ei rekke med relevante kurs.

## Ikkje levebrød

Den eine dottera hennar er muskelterapeut, og Ingunn blei svært interessert i muskelterapi då ho sjølv fekk denne behandlinga. 66-åringen er berre ein eksamen unna å kunne kalla seg muskelterapeut, men har ikkje behov for å gjennomføra denne.

- Eg gjer dette for at eg likar å gjera det, og så held eg meg i betre form sjølv.

Ingunn likar å halda seg i form, og er fast deltakar på seniortrim og seniordans. Ho er full av lovord om desse initiativa.

**Vil du prøva denne behandlinga, kan du bestilla time på tlf. 90 24 90 57 (alle dagar utanom måndag).**



**Ingunn Are driv med helsemassasje på Boknatun på måndagar.**

## Kranio-Sakral Terapi

En avspennende behandlingsform for å rette opp skjevheter som belaster sentralnervesystemet. Behandlingen omfattar ansiktet, hodet, ryggstøyla, korsbeinet og halebeinet. Dette er knoklene som beskytter sentralnervesystemet, dvs. hjernen og ryggmargen med ryggmargsnervene. Sentralnervesystemet kan man se på som kroppens kontrollcenter.

Hjernen og ryggmargen er omgitt av hjerneveske og membraner (bindevevshinner). Ved at man løsner membranene, slik at bevegelsene i hjernen og ryggmargen frigjøres, får kroppen mulighet til å helbrede seg selv. Kroppen vår er egentlig programmert til å klare det på egen hånd, bare vi gir den mulighet til det.

Kjelde: Osteopatisk Senter Skien


## 90 nye stolar i Auditoriet

Simen Havikbotn

**Nå kan du sitta komfortabelt i auditoriet på Bokn skule.**

Dei nye stolane kom på plass i veke 44, så nå får dei gå på kino ei behagelig oppleving. James Bond-filmen 9. november varte i nærmare to og ein halv time, så då var det flott at det har kome tjukkare og mjukkare stolar, som også går meir bakover enn dei forrige.

Fargen er litt ubestemmeleg, nokon seier at det skin i blått, andre i grønt. Du kan koma og sjå og prøva sjølv.



# Suksess for NM-lag Trial 2012

Jardar Havikbotn

**NM-Lag Trial 2012 6. oktober var det største arrangementet i Bokns historie, og Pluggen Motorklubb kan vera kjempestolte.**

*36 ulike frivillige organisasjoner og lag, med alt fra mållag til gatebilkubb, og en fantastisk gjestfrihet. Det er denne kulturen som gjør at klubben kunne*

Delegering er enormt viktig, for at ikkje eldsjelene skal brenna seg ut. Motorklubben er også flinke å kursa og



Folksamt på Torland under NM-lag 6. oktober.

Foto: Ina V. Tangen

Klubben får skryt både frå deltakarar, publikum og presse, for eit strøkent arrangement. Pluggen og mange andre boknarar kan spegla seg i glansen etter den store hendinga. Ja, faktisk var nesten kvar åttande sambygding engasjert i den store hendinga. Impo-nerande!

## Unik kultur

Blant dei imponerte finn med Sara Hammer frå Trialavisa. Ho er også utøvar og deltok sjølv på stemnet, men sørga også for tekst og bilder til Trialavisa, stoff som Bokn Bygdablad kan

*dra i land det største arrangementet i bygdas historie. På selve arrangementsdagen var rundt 115 personer i sving, noen var hjelpere fra andre klubber men det store lasset dro jo et nærmest ubegrenset antall som stilte opp fra nærmiljøet. Alle var blide, ingen så stresset ut.*

## Ansvarsbevisste medhjelparar

Heller ikkje stemneleiar Ragnhild Trosnavåg var stressa, og det var ei avslappa og smilande dame eg treffe ved seksjonen på løpebanen.

- Ja, i år har eg hatt det fint både før

oppdatera seg. Medan Ragnhild er stemneleiar, har klubben to tekniske kontrollørar. Det er mannen Artur og John Kristensen. Sistnemnde er frå Tysvær. Tre av Pluggens aktive medlemmer kjem frå nabokommunen.

## - Neste gong må me...

Ragnhild konstaterer at dette arrangementet er det beste dei har stelt i stand nokon gong, og stemninga på evalueringsmøtet var veldig positiv. Der diskuterte dei berre bagatellar, som t.d. plassering av kiosk.

Stemneleieren er glad for at tonen



Seksjonsmeister Artur Trosnavåg og medhjelparane hans tar omsyn til småkryp når dei lagar seksjonane.

Foto: Sara Hammer, Trialavisa



Korte, intensive regnskurer, men også mykje sol prega stemnet.

Foto: Sara Hammer, Trialavisa

få bruka. I ein av artiklane sine frå motorhelga, er ho inne på noko vesentleg, for å ta eit så stort løft for vesle Bokn:

På Bokn er det 1 butikk. Det er også

og under meisterskapet.

Ord som delegering, kompetanseheving og rutine kjem i tankane mine, og ganske riktig;

- Me har blitt flinke å delegera, og har fått ansvarsbevisste medhjelparar.

rundt vurderingsbordet var at "Neste gong må me gjera det sånn og sånn..." - Me kjem nok til å søka om NM igjen og to, tre år, meiner Ragnhild.

Artur trur heller ikkje at dette var det

siste noregsmeisterskapet i kommunen.

- Men nå er det viktig med pause, me kan ikkje ta livet av medhjelparane våre, seier han med eit smil, og legg til at det "berre" blir ein RogalandsRunde i Bokn neste år.

Seksjonsmeisteren er svært takksam overfor alle dei frivillige som stilte opp. Akkurat det var han mest nøgd med etter noregsmeisterskapet.

- Utan dei hadde det ikkje gått, seier ein som også er imponert over at gjestene har vore så reinslege.

- Det ligg ikkje noko drit igjen etter dei, avsluttar trialentusiastasten, og legg til at det var kjempekjekt då Bokn musikkorps spelte til sigersseremonien. Spesielt låten "Møkkamann" var midt i blinken.

### Lokale heltar

Den sterke prestasjonen til vertsklubben sitt juniorlag, med det treffande namnet B-gjengen, er veldig imponerende. Dei fekk 12. plass av heile 22 lag. Med det slo dei både juniorlaget til Karmøy Trialklubb (det andre laget frå distriktet som deltok i NM) og si eiga målsetting om å ikkje bli sist.

B-gjengen, med lagleiar Martin Trosnavåg, består av Sander Jøsang, Bjørn Ove Jøsang, Erik Nilssen og Sverre Trosnavåg. Dei har faste treningar to gonger i veka, torsdag og laurdag. Alle er sjølvstøtt veldig fornøgd med den flotte plasseringa. Sverre, som har køyrt trial i sju år, seier det slik;

- Det at me slo Karmøy er det eg er mest fornøgd med i Lag-NM.

Søskenbarna Jøsang har heldt det gåande (køyrende) i heile ni år. Bjørn Ove har vore i klasse C dette året, men skal køyra klasse B neste år. Det har Sander gjort i år, og vil også halda fram med det. Han er den einaste av dei fire som ikkje er heilt fornøgd med sin eigen innsats i NM.

- Eg hadde eit par 5'arar (prikkar) eg skulle klart meg utan, fortel han sjøvikritisk.

Erik og Sverre har køyrt i klasse D i år, og skal opp i klasse C neste år. Erik har berre halde på i litt over eitt år, og



**LOKALE HELTAR: B-gjengen, fv. Sverre Trosnavåg, Erik Nilssen, Sander Jøsang og Bjørn Ove Jøsang. Liggande: lagleiar Martin Trosnavåg.**

Foto: Julianne Nilssen

har blitt god på kort tid.

- Det er veldig kjekt å køyra motorsykkel, og miljøet på trialen er kjempegodt. Samtidig gir det god trening, seier nandeklassingen. Bjørn Ove og Sander går i same klasse, og Sverre i klassen under.

- Det kjekkaste med trial er at det er utfordrande og spennande, legg Bjørn Ove til.

Ein av få boknarar som har opplevd å vera med i NM på heimebane. Det er nok ikkje noko i vegen med motivasjonen til B-gjengen, til å satsa mot neste Lag-NM i Bokn.



**Luftig køyring på løpebanen ved Idrettshuset. Her er Martin Karlisen i aksjon. Han kjørte dagens beste runde, med berre åtte prikkar.**

Foto: Sara Hammer, Trialavisa



**IKKJE ROMFOLK-INVASJON: Ein kunne sjå mange bubilar, campingvogner og telt rundt skulen.**

Foto: Jardar Havikbotn

## Tusen takk!

Me vil retta ei stor takk til absolutt alle som bidrog på ein eller annan måte på NM Lag-Trial.

Dykkar hjelp er gull verdt når eit så stort arrangement skal avviklast. Ved å ikkje nemna nokon spesielt, gløymer me heller ikkje å takka nokon. Me vil og få takke alle de som var publikum, som stod på Torland og heia laget vårt fram i løypene.

Me har fått gode tilbakemeldingar på arrangementet, både på tilrettelegging, og på løyper, men ikkje minst på dei blide fjesa dykkar, og all velvilje, dei tilreisande har møtt her på Bokn. Tusen takk.

Helsing Pluggen Motorklubb

Resultat finn du i [trialavisa.no](http://trialavisa.no)

**Formannskapsmøte 18. september 2012****041/12 BUDSJETTJUSTERING 2012 - HELSE SOSIAL OG BARNEVERN**

**Formannskapet si tilråding:** For at kommunen skal vera i stand til å yte naudsyn sosial hjelp til innbyggjarane som har krav på tenesta, vert budsjettet auka med kr.350.000.

Budsjettauken vert dekkja av rest reserverte løyving med kr. 295.000 og kr. 55.000 frå disposisjonsfond.

**042/12: Andre rapportering sysselsettingstiltak for arbeidsledige og sosialhjelpsmottakere 2012.**

**Formannskapet vedtok:** Formannskapet tar rapporteringa til orientering.

**043/12: BUDSJETTKONTROLL 2012 - 2. kvartal.**

**Formannskapet si innstilling:** Unyttja budsjetterte midler i 2011 som ikkje vart avsett til øymerka fond vert tilbakeført til budsjetter for 2012:

Stolar til auditorium:	kr. 50.000
Tilskot til vidareutdanning	kr. 96.000
Tilskot til næringsfond	kr. 450.000

Tilbakeføringa på 596.000,- vert tatt frå disposisjonsfond.

Formannskapet tar elles orienteringa om budsjett og rekneskap for andre kvartal 2012 til etterretning.

**044/12: Bokn kommuneplan 2012 - 2024 - Utlekking av planforslag til offentleg ettersyn.**

**Formannskapet vedtok:** Rådmannen sitt forslag til vedtak om at Høyringsforslaget til kommuneplan 2012-2024 legges ut til offentlig ettersyn i perioden 1. oktober til 15. november, vert samrøystes vedtatt med fylgjande endringar:

Innspel 48; Eksisterande forslag går ut, masse fylles kun i området vesta for moloen. Massen må fylles i høyde med moloen.

Innspel 17; 2 nye bustadtomter vert tatt inn.

Endring i tekstdelen pkt. 1.11 Overordna føresetnad  
I punkt 1.2 blir det skissert føremål og lovgrunnlag for kommuneplanen 2012-2024. Det overordna målet må likevel vera å sikra befolkninga i Bokn kommune optimale livsvilkår i vidaste forstand. Ein avgjerande føresetnad for at dette skal vera mogeleg og at planen skal kunna fylgjast opp, er at Bokn kommune blir oppretthalden som eigen kommune.

**045/12: TV- Aksjonen Amnesty International 2012 - løyving frå Bokn kommune 2012.**

**Formannskapet sitt vedtak:** Forslaget om kr. 25,- pr. innbyggjar vart samrøystes vedtatt.

**Forvaltningsstyremøte 13. juni 2012****018/12 Gnr 22 Bnr 5 - Lars Henry Vedø - ulovleg riving av sefrakregistrert verneverdig låvebygning - Ådnanaset.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** I medhald av Plan- og bygningslova §§ 32-1,2, 8 vert Lars Henry Vedø ilagt overtredelsesgebyr i samsvar med tilråinga i sakshandsamingforskriften til Plan- og Bygningslova (SAK 10). Gebyret er fastsett til kr. 100 000,-.

**019/12 Gnr 3 Bnr 22 - Gro Jorunn Saltvedt - ulovleg oppført brakke.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Mot 1 røyst krev Bokn kommune at Gro Jorunn Saltvedt fjerner den ulovleg oppsette brakka. Brakka må fjernast innan 01.08.2012. I tillegg skal ho betale overtredelsesgebyr i samsvar med § 32-8 b) med kr.25 000,-.

**023/12 Kvoter for hjortevilt 2012.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Med hjemmel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §21 godkjenner forvaltningsstyret (viltnemda) tildeling av kvoter for hjort og rådyr slik det framgår av tabell i saksutredningen.

Fellingsavgiften skal være kr.370,- for voksne dyr og kr. 225,- for kalv.

Forvaltningsstyret rår til at det blir utarbeida plan for forvaltning av hjortevilt.

**Forvaltningsstyremøte 5. september 2012****025/12 Gnr 9 bnr 37 - Anita Håvarstein og Edvard Tjøstheim - søknad om utlegging av utrigger.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Mot ei røyst frå Ap gir Bokn kommune, med heimel i Plan- og bygningslova § 19, midlertidig dispensasjon i 5 år frå vedtaksdato til å leggja utrigger til eksisterande brygge på gnr 9 bnr 37. Dispensasjonen vert gitt på vilkår. Vilkåra er dei som er fastsett i løyve frå Karmsund havnevesen i delegasjonssak 074/11 12.09.2011. Før utløpsdato på dispensasjonen må det søkjast på nytt.

**026/12 Gnr 7 bnr 33 - Nibe AS - oppføring av tomannsbustad.**

Saka blei drøfta: Arbeiderpartiet sette fram likelydande framlegg som det som blei vedtatt i sak FV - 045/11 den 06.11.2011. Framlegget har fylgjande ordlyd:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 19 -2 dispensasjon og § 20 -1 tiltak der det er krav om søknad og godkjenning blir søknad om dispensasjon for tomannsbustad på gnr 7 bnr 33 avslegen.

Avslaget er grunngeve med at forvaltningsstyret ynskjer at det blir arbeid ut ein heilskapleg detaljplan for bustadområde. Dette for å sikra at det blir bygd ut eit bustadområde der ein har tenkt gjennom utforming av både bygningar og

infrastruktur.

I planen skal det bli teke høgd for rekkefylgjekrav kva gjeld infrastruktur. Samstundes med at det blir utarbeidd detaljplanar, skal det arbeidast ut ein utbyggingsavtale.

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Rådmannen sitt framlegg fall.

Arbeiderpartiet sitt framlegg blei vedteke mot to røyst frå senterpartiet og ei frå høgre.

**027/12 Gnr 9 bnr 72 - Lars Norekvål - bustadhus med 4 bueiningar og frittstående garasje - søknad om rammeløyve.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Søknad om rammeløyve for oppføring av bustadbygg med 4 bueiningar vert godkjent med heimel i § 20-1 i PBL i samsvar med søknad.
2. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 2.
3. Føresegnene sine krav til tilgjengeleg bustad må etterkomast.
4. Før ferdigattest etter § 21-10 i PBL, må kommunen ha motteke gjennomføringsplan som viser at kontroll er utført. Det må rekvirerast ferdigattest.
5. Saman med søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, må ansvarleg søkjar senda inn underretning om tiltaket si plassering etter at bygget er kome opp. Rapportering skal skje ved innsending av innmålte koordinatverdiar.
6. Det skal i medhald av § 11- 16 i TEK10 monterast brannsløkkereiskap i det planlagde bygget før det vert teke i bruk.
7. Dersom det ikkje kjem inn klage før klagefristen går ut, kan løyve til å setja i gong bli gjeve administrativt på delegert fullmakt.

**028/12 Gnr 2 Bnr 5 - Klage på vedtak i sak 018/12 - om størrelsen på overtredelsesgebyr.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Mot 2 røyster frå SP vedtok Bokn kommune å helde fast ved sitt vedtak i FV-sak 018/12 om overtredelsesgebyr stort kr. 100 000,-. Saka skal sendast Fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

**029/12 Gnr 3 Bnr 22 - Klage over FV-019/12 - ulovleg oppført brakke/bod og overtredelsesgebyr.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Saka blei drøfta. Senterpartiet sett fram framlegg med ordlyd som fylgjer: Vedtak i FV-sak 019/2012 der det blir kravd at ulovleg opp-

sett brakke/bod blir fjerna, blir oppheva. Saka blir sendt over til administrasjonen for å finna ei løysing der boda blir godkjent som ein del av hyttearealet.

Rådmannen sitt framlegg fall. Framlegg frå senterpartiet blei samrøystes vedteke.

**Forvaltningsstyremøte 5. september 2012**

**032/12 Søknad om tillatelse til tiltak – NIBE AS.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Forvaltningsstyret finn at kommuneplanen si avgrensing av max 5 bustader i området ikkje eintydig kan tolkast som avgrensing av 5 bustadeiningar, og at det derfor må vera rom for godkjenning av tomannsbustader på ein-skilde av tomtene etter ei konkret vurdering. På denne bakgrunn finn forvaltningsstyret at alle dei 6 frådeltete tomtene kan byggjast på, og at det kan førast opp inn-til 2 tomannsbustader i området.
2. Det blir etter § 19-2 gjeve dispensasjon frå reglane om mønehøgd som blei fastsett for tomta i sak 017/05.
3. Søknad om oppføring av tomannsbustad vert godkjent med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova i samsvar med søknad.
4. Bygget må leggjast så lågt i terrenget som mogeleg, mellom anna av omsyn til at stigning på avkjørsle ikkje bør vera over 1:10. Felles snuplass for bil for dei to bustadeiningane må etablerast på tomta.
5. Det blir gjeve utslepsløyve i samsvar med framlagd utgreiing. Det skal etablerast eigen slamavskiljar for tomannsbustaden.
6. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1, unnateke røyrleggararbeid og ventilasjonsarbeid som vert plassert i tiltaksklasse 2.
7. Berge Sag & Trelast AS fekk i delegert vedtak i sak 139/11 ansvarsrett for områda SØK, PRO og UTF. Med bakgrunn i rammeløyve etter punkt 3 og ansvarsrett som referert, blir det gjeve løyve til å setja i gong.
8. Det må søkjast om ferdigattest seinast 4 veker etter at tiltaket er ferdig. I samband med dette må det sendast inn gjennomføringsplan og oppmålingsdata for veg, VA-leidningar og bygga. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0
9. Det skal i medhald av § 11-16 i byggtknisk forskrift monterast brannsløkkereiskap i bygget før det vert teke i bruk.

**HØSTNATTEN KAN VÆRE MAGISK**

Høstnatten kan være magisk selv om den er grå.  
En sandstrand, skumsprøyt fra en storm.  
En bris stryker sitt siste pust over ditt kinn.  
Solen går ned skjult bak skyer og tar stjernene med.  
Men morilden glitrer og funkler i dine fotspor,  
der du trækker i den våte sanden.

Jord og kosmos har forlatt sine leier.  
Du vandrer blant stjernene og skuer opp mot  
havets bølgetopper, som vil falle ned.  
Regnet vil komme, men ikke nå, når  
høstnatten er magisk selv om den er grå.

Kjetil Hamre

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

## Kven er ågjesen?

Det er sjeldan at det kjem opp uttrykk som ingen kjenner. Denne gongen kom det eit slikt: "å vera ågjesen" som tyder "å vera vågeleg, ikkje skuggeredd".

Eit anna uttrykk "å vera hinnte" kunne kanskje betre ha vore skrive "å vera hynnte" eller "å vera hønnte". Det tyder ein som er bøsen eller sint. Merkeleg nok var det bare dei to yngste: Andor og Audhild som greidde nett dette uttrykket.

"Ei loska" var heller ikkje enkel. Det tyder ei nokså slitt huve.

## Forklaringane:

- |                   |                                       |
|-------------------|---------------------------------------|
| 1. tatleskit      | ein som snakkar særs mykje            |
| 2. tittgjengde    | ein som kjem ofte                     |
| 3. å seda         | å laga høysåter                       |
| 4. å vera ågjesen | å vera vågeleg, uredd                 |
| 5. eit udlareive  | ulla etter saueklypp                  |
| 6. ei loska       | ei gammal, slitt huve                 |
| 7. å vera hinnte  | ein bøs, sint og vondskapsfull person |
| 8. smaudel på     | ha lyst på                            |
| 9. å oga          | å rygga (med hest)                    |
| 10. him å trekkja | heim og tapesera                      |

## Resultatlista denne gongen:

Andor Borgenvik	9 poeng
Dagsenterdamene	7 poeng
Audhild Svensen Alvestad	6 poeng
Bokn sjukestove	6 poeng
Som me ser, var altså den runden særs krevjande.	

## MÅNADENS UTTRYKK

### Kva betyr...

1. å røsa seg
2. å vera krimsjuk
3. å ta til palings
4. ei sjaska
5. å skjemma seg
6. å skjeba seg
7. å klåra noko/nokon av
8. å skora av
9. å vera tylte
10. eit vonakast

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 20. november**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

### Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad  
Boknatun  
5561 Bokn

Denne gongen takkar me særleg Helge Laupland for gode innspel. Og så vil me utfordra også andre boknarar at de ikkje sit og brenn inne med gode og gamle boknauttrykk. Kom med dei, så får me testa kor godt folk flest kjenner boknakulturen.

## Nå blir det ny bru

Jardar Havikbotn

**Arbeidet med ny bru over E39 i Alvestadkroken, som er påkøyrd fleire gonger, vil starta i veke 46.**

**Dette fortel Ole Gunnar Tvedt i Statens vegvesen til Bokn Bygdablad.**

Den nye brua, som blir heva 20 cm, skal vera ferdig i slutten av desember. Prosjektet fører til fylgjande endringar:

- E39 blir stengt den natta den gamle brua blir fjerna.
- E39 blir stengt den natta den nye brua blir heist på plass.
- E39 blir stengt for tungtransport mens dette arbeidet pågår.
- Ferjene blir innstilte i stengingsperioden.
- Personbilar til Bokn kan passera.
- Fylkesvegen blir stengt fram til

jul, omkøyning på kommunal veg, dels på g/s-veg, som må utbetrast noko.

- Det blir skuleskyss frå Alvestadkroken.
- Farten på E39 blir redusert til 30 km/t i heile anleggsperioden.
- Statens vegvesen vurderer trafikksikringstiltak for mjuke trafikantar som må kryssa E39 i plan i anleggsperioden.

Det siste punktet inneber sannsynlegvis ruglefelt og fartshumpar, slik at det skal bli trygt å kryssa vegen for dei som skal til/frå Boknasundbrua.

- Tryggleiken er svært viktig, avsluttar **Ole Gunnar Tvedt**, som kan kontaktast på **tlf. 90605530**, for dei som har spørsmål.



**Ole Gunnar Tvedt frå Statens vegvesen og kommunal oppsynsmann Egil Ognøy konstaterar at ein stålkonstruksjon blei slått av traileren som smalt oppi brua i Alvestadkroken den 12. september i år. Stålkonstruksjonen frå traileren og betong frå brua traff eit køyretøy som køyrde bak traileren. Det oppstod materielle skader, men ingen personskaade. Traileren var for høgt lasta, og sjåføren blei anmeld og mista førarkortet.**

Foto: Kyrre Lindanger





# Gratulerer!



**Mia Luna Vatnaland - 3 år, 9. okt.**

Gratulerer til verdens fineste og beste godjenta som blir 3 år 9. oktober!

**Kjempekos fra mamma, morfar, mormor, tante og Båtsman.**



**Maja Vatnaland Eide - 4 år, 10. okt.**

Gratulerer med fireårsdagen 10. oktober!

**Hilsen mormor, morfar, oldemor, oldefar og onkel Kjetil.**



**Karianne Svendsen Sandnes - 2. år, 11. oktober.**

Gratulerer til vår skjønneste Karianne, som fyller 2 år 11. oktober. Vi er utrolig glad i deg, du er vår lille solstråle!

**Stor klem fra mamma, pappa, Ninen, mormor og farmor.**



**Me gratulerer B-gjengen vår med ein flott 12. plass i Norgesmeesterskapet 6. oktober.**

**Helsing alle oss i Pluggen.**



**Preben Våga - 10 år, 29. oktober.**

Hipp hurra, Preben. Gratulerer så mye med 10 års dagen din!

**Hilsen mamma, pappa og dine kjære søsken.**

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Alvestadkroken 4 A (Gnr 11, bnr 63)** er overdradd for kr 1.900.000 fra Quaestor as og Kristin Ånestad til Kjell Frode Lie

**(03.09.2012)**

Overdragelsen omfatter også Gnr 11, bnr 67

**Gnr 11, bnr 278** er solgt for kr 650.000 fra Robert Birkeland og Irene Kro til Nibe as

**(17.09.2012)**

**Grønnestadvegen 57 (Gnr 10, bnr 71)** er solgt for kr 1.660.000 fra Gunnar Emil Bokneberg til Ana-Maria Stef

**(12.10.2012)**

Kjelde: Statens kartverk

**Boknatunvegen 38 (Gnr 9, bnr 161, seksjon 6)** er solgt for kr 1.875.000 fra Irene Kro og Robert Birkeland til Magne Jordbrekk Ognøy

**(11.09.2012)**

**Gnr 11, bnr 310** er overdradd fra Marta Alvestad til Bokn kommune

**(26.09.2012)**

**Andel av Grønnestadvegen 353 (Gnr 24, bnr 1)** er overdradd fra Berta Are til Alf Severin Are

**(19.10.2012)**

**Grønnestadvegen 353 (Gnr 24, bnr 1)** er overdradd for kr 100.000 fra Jakob Jøsang og Alf Severin Are til Atle Jøsang

**(19.10.2012)**



Kartverket

## Ordet fritt

### Oppdeling av avgifter

Torsdag den 1. november 2012 var det eit lite innlegg i Tysvær Bygdeblad om at fleire personar i Tysvær kommune ber om at dei kommunale avgiftene blir delte opp. Dei hevdar at mange slit med at rekningar hopar seg opp på tider av året, og ynskjer seg fire rekningar i staden for to pr. år. For folk som berre har trygdeinntekter kan 6-7000 kroner i tillegg til andre faste utgifter kvar mnd. bli i meste laget.

Økonomisjef Tor-Leif Helgesen i Tysvær kommune svarar at kommunen jobbar med ei løysing som gjer at dei kan senda ut fire innkrevingar i staden for to. For kommunen ville det vera bra om flest muleg kunne betala rekningane gjennom nettbank.

Underteikna har merka seg at det også her i kommunen er fleire som ynskjer seg at avgiftene blir fordelt i fleire terminar.

Eg forstår det slik at Bokn kommune kjøper desse innkrevningstenestene gjennom eit system via Tysvær kommune. Då ville det vel heller ikkje vore verre enn at Bokn kommune kunne fått den ordninga som Tysvær kommune vurderer?

**Kan nokon i Bokn kommune svara på dette spørsmålet?**

**Bokn, den 04.11.2012**

**mvh  
Reidar Alvestad**

# KULTURKALENDEREN

## FORANDRINGAR/NYE ARR. ER **UTHEVA**

### November

17. NMS-julemesse, Tysværåvåg, **sjå s. 18**
17. Barnebibel, samling for fireåringar i Bokn kyrkje kl. 14.00 (eller søndag etter gudstenesta)
18. Gudsteneste kl. 15.00, fireårsbok
18. Familiespeidar kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM
18. VAMP-konsert på Bokn skule kl. 18.00, **sjå s. 15**
19. Bibellesing på bedehuset
21. NMS-møte på bedehuset
23. Kino i Auditoriet
- 24. Julemarked kl. 11.00 - 14.00 på Coop Marked Bokn**
25. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorp
27. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
29. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
30. -
- 01.12 "Lys vaken" i Bokn kyrkje

### Desember

- 01. Julemiddag for ungdom**
- 02. Julegrantenning, Bokn skule kl. 15.00, sjå s. 18**
02. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse/speidarane
03. Bibellesing på bedehuset
04. Grautfest på skulen, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar
06. Julevandring for femåringar i Bokn kyrkje kl.17-18.30
07. Kino i Auditoriet
09. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
- 15. Juletresal på butikken, sjå s. 18**
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar
- 15. Juletresal på butikken, sjå s. 18**
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00
31. Gudsteneste kl. 16.00

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 8 1992

### NMS 150 ÅR

Sundag 6 sept vart ein minnedag i Det Norske Misjonselskaps 150 årige historie på Bokn. "Kirkebygden" misjonsforeining feira års dagen med fin fest på Bokn bedehus.

100 årsfesten vart og halden på same huset ein fin sommardag i 1942. Tenk 200 festdeltakarar midt i krigens dagar. Må få lov å undrast, og nemna det. Dei som pumpa primusar og styrte "ståket" er borte dei fleste, men yngre deltakerar gløymte det aldri. Kva sa gamle Ivar Aasen? Jau. "Det er så mange hendingar i bygdom komne til, me sjå så menga vendingar alt på eit lite bel"

Akkurat det var tråden som batt programmet på festen saman. Misjonsprest Rolf Arne Tjøsvoll tok oss med til Taiwan der han hadde vore i 4 år.

Eit land i rivande industriell utvikling, men ei tung misjonsmark. Folket sterkt forankra i forskjellige religionar. Arbeidsdagen og like eins skuledagen er mykje mykje lenger enn her hos oss. Dermed er det vanskeleg å samla folket til gudsteneste, eller møter som misjonen bed inn til. Trur knapt dei gjorde anna enn å arbeide og sova der på øya samt dyrka sine religionar.

Tjøsvoll kom inn på kor stor forskjell det er på reisemåten og livstilhøva for ein misjoner før og nå. Eit godt innblikk i pionertida for våre, misjonerar, og den moderne tid me har nå, gav han oss.

"Boknagutane" sang, festlyden sang, Gunvor Øvrebo styrte det heile, takka og bad tilbords. Fint dekket bord, god mat og kaffi venta i mat-

salen. Gjett om det var kaffiradl. Vel oppe i møtesalen var det Finn Bårdsen sin tur ved kateteret, og han kan N.M.S heimebane i Stavanger, der dei styrde og bestemte. Misjonsarbeid på alle plan, frå grasrot til toppen, utdanning og utreiser. Takk og lev vel på strandkaia såg me for vårt indre auga. Kvelden gjekk altfor fort.

Målfrid vår eiga "fru Bokn" var siste mann ut på programmet. Ho fekk farge og liv over foreiningskånene med rokk, ull og fine forkle, lys på kaffibordet, 10 små barnehender i beste kro sin faste arbeidsneve på veg til basar i kjøkken og stova til Kristine og Torvald i Øvrabøvågen. 2 øre loddet. Ein gevinst var ein bolleboks laga til det praktiskaste bærspann av Albert og Erik - historie nå. Livet gjekk vidare inn i barneforeininga. det var god skule, der fekk små og store gjenter lære sy, hekla, strikka og noko som heitte gimpo. Utruleg alt som har hendt i livet for ei som hugsar arbeidet i misjonen si teneste så godt gjennom mange år.

Den gamle misjonsbørse blir brukt den dag idag på Austre Bokn til oppbevaring av foreininga sine møtepengar. Ho er friska opp av han Albert med sølvbronse på utsida. Han tykte ho var så trist i leten fortalde Målfrid. Ho fekk stor applaus for sin eigen måte å fortelja på.

Til sist var det misjonsoffer. Gunvor Øvrebo takka for gåva, og takka alle som hadde vore med og gjort sitt til at festen vart så gild.

**Elise**

# Minikonferansen 2012 og Barne og Ungdomskonferansen 2012;

- vi skjerpar konkurransen og arrangerer konferansen....

Anne E. Askeland

På spørsmål om dei har høyrte ordet «konferanse» tidlegare, får vi ulike svar. Dei eldste har naturleg nok kanskje høyrte ordet før, andre forvekslar ordet med «konkurranse» og er i konkurransemodus med det same. Nokre relaterer ordet til «eit møte» medan andre att kan visa til at dei har vore så heldige at dei har fått testa dette konseptet ut i praksis allereie; slik er det gjerne når pappa er ordførar. Og jau; det fungerte i praksis – sjølv om ikkje Jens Stoltenberg stilte opp på den aktuelle konferansen likevel.... For det skjer av og til det; at det ikkje går heilt som planlagt. At nokon melder avbud eller at matleveransen sviktar.... Lydmannen ligg kanskje heime med vondt i halsen eller så har ein av flygeleiarane i Røyken eit sjukt barn slik at flya frå Oslo er forseinka slik at prosessveiledaren ikkje rekk fram i tide.... Du verden så små tuer som skal til for å velte store lass...

Vi let oss ikkje skrema likevel. Vi arrangerer for fyrste gong ein minikonferanse og ein Barne – og ungdomskonferanse på Bokn med det mål for auga å:


- skapa bevisstgjerung hjå barn og unge på at dei er ynskta med inn i framtidsplanlegginga av eige lokalsamfunn
- skapa bevisstgjerung hjå foreldre – og besteforeldregenerasjonen at borna og ungdommane er viktige medborgarar i barne og ungdomstida si
- skapa nye relasjonar og nye nettverk på tvers av generasjonar; til beste for samfunnet som heilheit
- tilretteleggja for at medverknadsprosessane for borna og ungdommane sikrar reell medverknad frå A til Å
- skapa sosiale møteplassar
- ha det knakande kjekt

Det er flott å kunne notere at kommunepolitikarane i Bokn er seg sitt ansvar bevisst når det kjem til det å bidra til at born og unge vert gjevne moglegheit til å delta som dei medborgarane dei er, i sivilsamfunnet. I henhold til Handlingsplan for folkehelse er det bevilga midlar til å arrangere ein barne og ungdomskonferanse i 2012 for om mogleg å bidra til ei bevisstgjerung hjå den oppvoksende slekt omkring tema som menneskeverd, medborgarskap med meir. Sist, men ikkje minst: Korleis ynskjer dei at kommunen skal tilretteleggje for at dei skal føla at dei har reell påverk-

nadsmoglegheit på det som angår dei?

Dei yngste borna, frå 7 – 13 år, er inviterte til «**Minikonferansen 2012**» med oppstart klokka 09.30 laurdag morgon den 17. november. Og som alltid: Utan mat og drikk duger slett ikkje helten – altså et vi frukost saman som det fyrste vi gjer. Borna skal få teikna og skriva litt om korleis dei sjølve kan bidra til å skapa eit godt samfunn på Bokn; vi avsluttar med små overraskelsar og ynskjer vel heim klokka 11.30.

Borna og ungdommane frå 13 – 19 år er inviterte til «**Barne – og ungdomskonferansen 2012**» med oppstart klokka 12; også dette laurdag 17. november (**for fullstendig program sjå side 18**).



Det er frå arrangørane si side lagt vekt på at borna og ungdommane skal få moglegheita til å få ny kunnskap eller enno betre; få ei oppfriskning om tema som er dagaktuelle både for nemnde målgruppe, men og for oss litt eldre unge... For å sikre oss at vi får mest mogleg ut av tida vi har saman har vi vore så heldige å få engasjert Kjell Bjelland og Geir Arne Hageland frå NRK – serien «Ingen grenser» som prosessveiledarar. Dei har begge brei erfaring frå denne type arbeid og vil hjelpe oss med å få på plass eit slutt-dokument som skal brukast i arbeidet vidare. For det er jo noko av det viktigaste med det heile: Å arbeida jamnt og trutt, men likevel strukturert og basert på formalitetar for om mogleg å bidra til auka engasjement hjå borna og ungdommane våre.

Dei fleste av oss tykkjer det er kjekt å få ei belønning når vi har gjort eit godt stykke arbeid og vi meiner difor det er på sin plass at kommunen tek til ordet for nettopp dette i forbindelse med konferansen. Etter den faglege delen tidleg på dag laurdag 17. november, vert deltakarane inviterte til «gallamiddag» levert av lokale leverandørar med tilhøyrande quiz, loddtrekning og sist, men ikkje minst: Konsert med Ole Alexander Mæland frå The Voice. Vår lokale Ida Havikbotn skal vera gjesteartist under nemnde konsert og vi gler oss meir enn nokon gong til ei flott musikalsk oppleving her på Bokn.

**Sundag formiddag** vil ALLE frå 7- 19 år MED føresatte verta inviterte til ein utandørs aktivitet vi har gjeve namnet:

**På Bokn finst INGEN GRENSE; fordi vi får til det vi vil!**

Denne dagen er det Kjell Bjelland og Geir Arne Hageland frå Ingen grenser, i samarbeid med lokale aktørar, som skipar til eit utandørs opplegg med fokus på gleda over å kunne vera fysisk aktiv og med fokus på dei positive effektane av det å vera fysisk aktiv i lag med andre.

Arrangørane av ovannemnde konferansar ynskjer velkommen til aktive, kjekke timar.

Vi gler oss til å få samtala om mange viktige tema og vi gler oss til å ha det sosialt saman. Mest av alt gler vi oss til å få møta flotte born og unge; det lovar godt for framtida.

**Tema som vert satt på dagsorden laurdag 17. november** (tilnærminga til dei ulike temaene er tilpassa dei ulike aldersklassane):

Cafebord nr.

1. Menneskeverd
2. FN's barnekonvensjon og Opp læringslova
3. Medborgarskap
4. Politkaropplæring
5. Administrasjonen; kven er vi og kva driv vi med; eigentleg?
6. Korleis ynskjer vi at kommunen skal tilrettelegge for medverknad? (Sak skal vidareførast og arbeidast vidare med internt i kommunen)
7. Korleis ynskjer vi at framtida vår på Bokn skal sjå ut? (Sak skal vidareførast og arbeidast vidare med internt i kommunen)
8. Digitalt medborgarskap; korleis kan vi ta vare på kvarandre – på nett? (Deltakarane utarbeider sjølve ein eigen «ver varsom – plakat» for borna og ungdommane på Bokn)

**Arrangementet byggjer på anbefalingar i NOU 2011:20: Ungdom , makt og medverknad.**

**Eg var så ung  
eg var så spørjande  
ja eg visste rett ikkje alt.  
At det var livet,  
denne sirkel av ting  
det heile dreidde seg om;  
...tenk; det var det det gjaldt!**

**Ny bøsse rekord, ny skulebasarre-  
 kord, mange bidrag frå næringsliv  
 og organisasjonar og fleire arrang-  
 ement i samband med årets TV-  
 aksjon førte til ein utruleg innsam-  
 lingsrekord.**

## Oversikt:

Bøsser	80.757
Kommunalt bidrag	21.350
Skulebasar	28.220
<b>Givarportal</b> , næringsliv og organisasjonar	37.550
Nettauksjon	2.500
<b>Totalsum</b>	<b>170.377</b>

Og nok ein gong er det berre Utsira som har eit betre resultat pr. innbygar.

**Den store givarglede blant næringsliv og organisasjonar (givarportalen) fordeler seg slik:**

Krovågen Hestesenter	1.000
Bokn Mållag	1.000
Bokn Arbeidarparti	1.000
Bokn Hagelag	5.000
Bokn Senterparti	1.500
Bokn Høyre	1.000
Bokn PlastAS/High CompAS	3.000
Bokn Musikkorps	3.000
Odd Grønnestad	1.000
Bokn Idrettslag	3.000
Bokn Gatebilklubb	500
Bokn Røde Kors	1.000
Grieg Seafood	4.000
Song- og musikkmiljøet i Bokn	
(TV-aksjonskvelden 19.10)	7.300
Bokn KrF	250
Nibe AS	2.000
Håflu AS	2.000

Ordførar Kyrre Lindanger er like spent kvart år på om ein får ny innsamlingsrekord. I år klarte me det med stor margin.

- Det er utruleg flott. Årets innsamlingsrekord i Bokn var fyrst og fremst eit resultat av stor givarglede hjå næringslivet i kommunen. Heile 17 bedrifter og organisasjonar i Bokn ga pengar på «Giverportalen». I tillegg blei det ny rekord i samband med Bokn skule sin basar. Nytt av året var TV-aksjonskvelden den 19. oktober, som sikra Amnesty 7.300 kroner. I tillegg blei det med knapp margin ny bøsse rekord med utrulege 80.757 kroner.

Kommunekomitéen får ei stor utfordring med å slå dette resultatet neste år. Eg vil retta ein stor og varm takk til alle som har bidratt til årets TV-aksjon, avsluttar ordføraren.



Nær 40 store og små var med og samla inn i bøsse i år. Her er nokre av dei.



Edvin Øvrebø stiller opp år etter år som bøsseberar.

Foto: Kyrre Lindanger

## Desse var representerte i bøsseberarjobben:

Det Norske Misjonsselskap avd. Bokn  
 Bokn Røde Kors  
 Bokn idrettslag  
 Bokn Båtforening  
 Bokn kommune  
 Andre frivillige

## Ny eksportvare frå Bokn?

I motsetning til mange andre kommunar, har det aldri vore noko problem å skaffa nok bøsseberarar i TV-aksjonssamanheng. Humoristisk sagt kan kanskje Bokn starta med eksport



Det er heller ikkje første året Sonja og Maja Mikkelsen går med bøsse.

Foto: Kyrre Lindanger

av slike?

I år fekk kommunekomitéen eit "positivt problem" då dei ulike rutene skulle fordelast. Det endte med at fem personar, der alle hadde gått med bøsser tidlegare, fekk beskjed om at det ikkje var nødvendig at dei var med i år.

Rundt 40 små og store var innom Bokn natun etter ruteslutt på aksjonsdagen. Dette er også ny rekord, og blandar seg saman med alle dei andre rekordane i Bokn under årets aksjon "Stå opp mot urett".

Kommunekomiteén er svært takksame for den store velviljen lag og organisasjonar, kommunalt tilsette og andre frivillige viser under TV-aksjonen!

### Lokal aksjonslåt

I år hadde Bokn eigen aksjonslåt i samband med TV-aksjonen. Det heile starta med at underteikna utfordra lokal diktar, Kjetil Hamre, til å laga eit dikt til lokale arrangement rundt årets TV-aksjon. Diktet "Urett" fekk ein melodi, og så blei det musikkvideo til slutt. Takk til Wolfgang B. Ognøy og Martin Trosnavåg for at det lot seg realisera!

Ida Havikbotn øvde inn melodien, og låten blei framført med barnekor på skulebasaren, med Boknakoret på aksjonskvelden 19. oktober, og med Boknakoret på BLEST-arrangementet 6. november.

### Nettauksjon

Me fekk også FK Haugesund (samarbeidspartner til TV-aksjonen) til å signera tre T-skjorter for oss. To av dei blei lodda ut på skulebasaren og aksjonskvelden, medan den siste gjekk på nettauksjonen til bokn.no.

Til slutt var det High Comp AS som vann budrunden med kr. 2.500.

### Jubileum og rekord!

Bokn skule sin TV-aksjonsbasar hadde 10 års jubileum i år, og sette ny rekord med 28.220 kr.

Det er imponerande kva som kan samlast inn i løpet av nokre hektiske føremiddagstimar. Med gymsalen full av folk og stort engasjement blant små og store, gjekk loddsalet unna. Det blei også meldt om godt matsal.

Før loddsalet starta, helsa ordførar Kyrre Lindanger frå kommunekomiteen og oppfordra til å støtta godt opp om TV-aksjonen. Det same gjorde leiar av Haugesund Amnesty, Hanne Marte



**SPENNING:** Bøsseresultatata blir skrivne opp og samanlikna med fjorårets resultat, som heng i bakgrunnen. Her er det ordførar Kyrre Lindanger og Vilde Øvrebø som sjekkar status.



**High Comp AS vann budrunden på Nettauksjonen. Den signerte T-skjorta gjekk for 2.500 kr.**

Vatnaland, i appellen sin. Den lokale aksjonssongen "Urett" blei framført. Småskulen danna eit stort barnekor, og dei hadde øvd inn refrenga på låten.

### Statistikk for skulebasaren:

2003 REDD BARN	15.490
2004 HJERTEROM	10.068
2005 DRØMMEFANGER	10.497
2006 LEGER UTEN GRENSER	15.668
2007 SAMMEN FOR BARN	16.673
2008 BLÅ KORS	21.950
2009 CARE	28.158
2010 PÅ FLUKT FRA KRIG	27.147
2011 VI RYDDER FOR LIVET	25.000
2012 STÅ OPP MOT URETT	28.220

**I neste utgåve av Bokn Bygdeblad kjem det meir om TV-aksjonskvelden i Auditoriet 19. oktober.**



**Den lokale aksjonssongen "Urett" blei framført på basaren. Ida Havikbotn song saman med småskulen, akkompagnert av Kjetil Hamre på gitar og Jardar Havikbotn på keyboard.**

Foto: Ina V. Tangen

Seminar for Bokn, Tysvær, Sveio og Karmøy

## Demens- og eldreomsorgens ABC

Tekst: Marit Hetland - foto: Jardar Havikbotn

Ca. 60 helsearbeidarar var samla til seminar på Bokn 11. september (bildet). Seminaret er ein del av ei toårig vidareutdanning innan demens- og eldreomsorg.

Me er nå i gong med andreåret, og emnet for haustens oppstartseminar var "ulike tilnæringsmåtar til demente", samt opplæring i ein tilnæringsmåte kalla "Marte Meo".

Helsesjefen i kommunen kunne ynskja velkommen til ei aukande forsamling - tre hadde fått barn sidan sist!



Einingsleiaren påpeikte at med dagens deltakarar hadde innbyggartalet i Bokn vakse med 8%!

Det blei ein aktiv og lærerik dag, avbryte av deilig lunsj frå det dyktige kjøkkenet på Bokn sjukestove.

## Juridisk førstelinjeteneste

Gro Sørensen

Du kan få gratis juridisk hjelp i servicetorget på Boknatun. Advokatfirmaet Vik Vestly AS gir advokattjenester, og dato for konsultasjonar er:

**28. november**  
**12. desember**

Alle dagar frå kl. 13.30 til kl. 15.30.

Du kan få juridisk bistand max. 30 min. pr. konsultasjon uavhengig av inntekt og formue, og du kan nytte deg av ordninga fleire gonger pr. år.

Målet med ordninga er at innbyggjarane i Bokn kan få hjelp til å løse enkle juridiske problem på ein rask og effektiv måte, utan å måtte oppsøkje advokatkontor.

Ordninga omfattar konsultasjon hos advokat der ein kan få rettleiing/råd om sivilrettslege spørsmål. Advokaten har inga tilknytning til kommunen.

**Vil du nytta deg av ordninga – ring servicetorget sitt sentralbord på telefon nr. 52752500, eller send ein e-post til [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)**



Foto: Gro Sørensen

## «Han innante»

Marit Hetland

**Det var stor stemning på Allrommet da vi hadde besøk av «han innante» og kona 11. okt.**

Bokn kommune ved Seksjon for helse og omsorg, samt folkehelsekoordinator og Bokn Sanitetsforening var sammen om arrangementet.

Innbudte var beboere på sjukestova,

omsorgsboligene, dagsenteret og pensjonister på Bokn. Ca. 60 stk kom, og fikk servert både alvor og humor, samt deilige vafler og kaffe.

Det åpnet med sang av Prøysen og litt eventyrlesning av Marit Arnestad og mannen, før «Han innante» dro i gang med velkjent humor. Det ble en forlystelig time for alle. Latteren satt løst hos alle. Det ble utdelt premier i en konkurranse om gamle sanger.

**Alt i alt en svært hyggelig formiddagsstund.**

# Ungdomsbustader

Det blir ledige ungdomsbustader frå ca. 01.12.12 og 15.01.13.

- Frå ca 1. desember 2012 vert det ledig ungdomsbustad på Øyrenfeltet, Austre Bokn.
- Frå 15. januar blir endå ein ungdomsbustad ledig på same stad.

Ungdom i alderen 18-35 år kan søkja om å leiga ungdomsbustad. Kommunen vurderer innkomne søknader og tildeler bustad etter kriteria hjå Husbanken.

**Søknaden skal sendast Bokn kommune og søknadsfrist er 25. november 2012.**

**Kontaktperson: Anne Berit Gilje, tlf. 52 04 88 98**



## Møteplanar, kommunale styre og utval



<b>Bokn kommunestyre</b>		
18.12, budsjett	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
<b>Bokn formannskap</b>		
04.12, budsjett	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
<b>Bokn forvaltningsstyre</b>		
12.12.	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
<b>Bokn sokneråd</b>		
27.11	kl. 19.00	(Bokn bedehus)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen. Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek. Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

## Vamp jaktar Nordsjøtonen, vil du vera med?

Anne E. Askeland

For ei tid tilbake kunne vi gle oss over eit program på NRK 1: «VAMP og jakten på Nordsjøtonen»; etter underteikna sit skjøn så ligg det an til at denne jakta kan by på utallige spennande innfallsvinklar for både den som jaktar, men og for dei som er tilhøyrarar...

Sundag 18. november kjem VAMP til Bokn. VAMP; ei stor gruppe med stor musikk. Stor i den forstand at musikken er videnkjent, men og i den forstand at ein i musikken og lyrikken finn store spørsmål relatert til ulike sider ved det å vera menneske.

Den siste plata, som dei føregåande platene, har fått strålende kritikkar. VAMP har sidan dei starta opp med gruppa i 1991 gjeve ut heile 13 plater. Gruppa har også mottatt Spellemannsprisen for arbeidet sitt.

Om det å vera på turne blant anna på små stader som Bokn seier Øyvind Staveland, initiativtagar og frontfigur:  
- Vi ynskjer å halde konsertar der folk bur. Vi har eit breiddt publikum i alle aldersgrupper og opplever at det er samlande for innbyggjarane på mindre stader å møtast for felles kultur-opplevingar i eige nærmiljø. Så sant det er interesse og praktisk mogleg har vi dei siste åra prioritert mindre stader.

Dessutan er det spennande for oss å møte nye folk og konsertsalar etter å ha turnert i over 20 år. Stavland avsluttar det korte intervjuet med at VAMP gler seg til å koma til Bokn søndag 18. november. Og gler oss; det gjer vi også! Velkommen til ei musikkoppleving av dei sjeldne.

**Billetter fås kjøpt på Coop Marked Bokn, i servicetorget Bokn kommune samt på Bokn bibliotek. NB! Begrensa antal plassar så ver rask med å sikre deg billett til denne flotte musikalske jakta; ei jakt på Nordsjøtonen. Mon tru tonen gøymer seg bak «Syngjesteinen»?**



## Bokn Bygdablad

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 385,- pr. år, 550,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: [jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)/[post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

### Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien  
Kjetil Hamre  
Hanne Marte Vatnaland

### Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 688,-
Halvside	kr. 413,-
Kvartside	kr. 206,-
1/8 side	kr. 138,-
Privatann.	kr. 69,-
Fast-/fargeann.	etter avtale

**Foto, omslag:**  
Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Haustidyll på Grønnestad

Foto: Kjetil Hamre



Hytter/Leiligheter med båt og kai plass  
Uke, måned eller årsmål  
Ta kontakt med  
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369  
Mail: atle.josang@griegseafood.com

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka  
Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.  
Innvendig reingjering frå 500 kr.  
Skinngleie frå 500 kr.  
Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

Kjell Frode 907 83 797  
John Magne 909 24 964  
Epost: kjellfrode75@hotmail.com



Har du noko arbeid du skulle ha gjort,  
vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og  
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser
- Transport av maskiner og utstyr

Telefon: 94 98 63 64

coop  
marked

COOP MARKED BOKN

coop  
marked

Julemarked  
Lørdag 24.  
november kl.  
11.00 - 14.00


Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat



Om det ikke blir gøy å betale regninger,  
så blir det i alle fall enklere.  
Ny mobilbank, nå med godkjenning av eFaktura.



Nå kan du laste ned en hurtigere og mer funksjonell mobilbank som kun inneholder tjenester du vil få bruk for. For eksempel godkjenning av eFaktura.



Applikasjonen er for iPhone, iPad, Android og alle mobiler med nettleser, og kan nå lastes ned gratis i App Store eller Android Market. Søk etter "mobilbank" eller "sparebank1".

**SpareBank 1**

Bank. Forsikring. Og din frihet.



## Juletesal 2012



Som tidlegare år får Bokn Røde Kors fine tre frå Liv og Osmund Lund på Sjernerøy. Det vil bli lagt ut liste på butikken for førehandstinging.

Førehandstinga tre kan bli leverte på døra, men det er fint om du tek ut treet dei dagane vi står på kaien. Vi vil selge trer i Føresvik laurdagane 15. og 22. desember. kl 09.00-16.00 - **Pris: 350 kr**

Det vil bli lagt ut liste under julegrantenninga som ein kan skriva seg på.

Ein kan og tinga trer via tlf. eller epost :

Kjell Frode 90 78 37 97  
kjellfrode75@hotmail.com



### Bokn bibliotek, opningstider:

Mån. 16.00 - 19.00  
Tys. 10.00 - 13.30  
Ons. 16.00 - 19.00  
Tors. 10.00 - 13.30

## Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn kr. 1.000,- + mva  
Pris veke kr. 5.000,- + mva  
Pris pusseskuffe kr. 150,- + mva  
3.500 kg hengar, døgn kr. 400,- + mva

### Kontaktpersoner:

John Magne Lie 909 24 964  
Kjell Frode Lie 907 83 797

## Julegrantenning 2. des.

Jula nærmar seg og Bokn Røde Kors inviterer til tradisjonsrik julegrantenning 1. søndag i advent. Unn deg litt ro og kos i ei travel julestri. Ta med familie og vener til Bokn skule 2. desember **kl. 15.**

Barnekoret står for fin underhaldning.

**Det blir loddosal med mange flotte premiar som:**


**Fruktkorg frå Coop Marked Bokn**  
**Gåvekort frå Haugli Bakeri**  
**Skjerf frå Stor Mote**  
**Gåvekort frå Palmehagen**  
**Gåvekort frå Herrmann**  
**Førstehjelpsutstyr frå Bokn Røde Kors**  
**Leiker i ymse variantar**  
**To laksar frå Grieg Seafood**  
**Marsipankake frå Goman Bakeri**  
**Fenalår frå Gilde**  
**Fiskestang frå Baardsen på kaien**  
**Kransekake frå Joars Bakeri**  
**Iskaker frå Hennig Olsen Is**  
**Felleskjøpet (spade, leike og saks)**  
**Blomst frå Blomsterringen**  
**...og mange fleire.....nokre til og med heimelaga.**

For dei som ikkje kan møta på dagen blir det lagt ut lodd-bok på Coop Bokn. Men kven vil vel gå glipp av kaffi, brus og kaker i mange variantar.

Nissen har lova å stikka innom dersom det kjem nokre snille barn...

Ta med vener og kjente og møt opp!

**Helsing Bokn Røde Kors**



## KRO GÅRD – KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn - www.kro-hest.no Tlf. 91120801



## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie

909 24 964

Kjell Frode Lie

907 83 797

## KONFERANSEPROGRAM, JMF. S. 11

### DEL I

- 12.00 Velkommen!  
«Planar for og i kommunen. Korleis er det å vera ordforar, eigentleg?»  
(Kyrre Lindanger, Ordforar Bokn)
- 12.15 Informasjon om programmet for dagen.  
«Kva er folkehelsearbeid?» (Anne E. Askeland, Folkehelsekoordinator Bokn)
- 12.30 Gruppearbeid der ulike dagaktuelle tema for ungdom vert sett i fokus.  
(Geir Arne Hageland og Kjell Bjelland frå «Ingen grenser» vil hjelpa oss med gruppearbeidet) Det vil verta lagt pausar innimellom med servering av bl.a smoothies).
- 15.15 Oppsummering av gruppearbeid i plenum.
- 16.15 «Kvifor er eg polititar?» (Hanne Marthe Vatnaland, ung polititar).
- 16.30 Avslutning og oppsummering av del I

### DEL II

- 18.30 Gallamiddag (tapas, foccacia, dessert)  
Trekning av 10 stk VAMP billetter (vert trekt på inngangsbilletten)  
Quiz
- 20.00 Underholdning (Ole Alexander Mæland frå The Voice og Ida Havikbotn)



- 21.30 Sosialt samvær. Diskotek.
- 23.00 Vel heim og takk for i dag!

**FORHÅNDSAL AV BILLETAR KR. 100,-/PERS. (pga. matsservering)**  
**PÅMEDLING SNARAST OG SEINAST INNAN 5. NOVEMBER.**  
Du kan kjøpa billett (armband) hjå folkehelsekoordinatoren i Bokn kommune **Anne Elisabet Askeland** eller på Petra hjå barne og ungdomsarbeidar **Cecilie Odland**. Dette blir kjekt! Vi snakcast.



## N.M.S. Julemesse 2012

NMS har julemesse for Bokn og Tysvær på Soknehuset i Tysværåvåg laurdag 17. november kl. 11-15.

Sal av varer, lapskaus, grøt og kaker.

Åresal og hovudtrekning.

# HÅRSMIÅ



Brudemodeller fra kurset.

Velkommen til klipp, farge, perm/tekstur eller en velvære-time med premium spa for hår og hud. Gaver: gavepakke m/sjampo, gele/wax for herrer. Spa premium for damer. Gir håret glans, fuktighet, livskraft og pleie. Produktenes fyldige og myke konsistens gjør behandlingen til en fantastisk nytelse. Produktlinjenes nøye utvalgte dufter gir kroppen og sinnet en luksurløelse.

Ønsker dere alle ei fin førjulstid.

Vennlig hilsen  
Mona på Hårsmiå  
52 74 86 47- 46 44 29 20



## Frisørrommet på Boknatun - i sentrum av Bokn -

Åpningstider:  
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:  
kl. 09-16  
Partallsuker:  
fleksible  
åpningstider

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

## Div. tenester

### DAGSENERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**



NAV BOKN

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

#### Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

### BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10  
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

### LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**  
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

### HELSEMASSASJE

Måndagar på dagtid, Boknatun 2. etasje (ev. kveldstid etter avtale)

Timebestilling alle dagar utanom måndag.

**Ingunn Are - tlf. 90 24 90 57**

## Bokn legevakt: 52 74 85 22

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

**Jan Schille - lege**

### PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: [grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no](mailto:grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no)  
[miriam.berland@bokn.kommune.no](mailto:miriam.berland@bokn.kommune.no)

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Onsdag kl. 08.15 - 12.30

Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

# Seniordans

Tekst: Anne Lise Hoffmann - foto: Anne E. Askeland

**Siden jeg startet opp med seniordans her på Bokn, ble jeg oppfordret til å si noe om Seniordans. Hva den er, hvorfor gå på den, og hva gjør seniordans med oss.**

Seniordans er en trimdans som danses i ring og en trenger ikke være par i vanlig forstand, (kvinne-mann). Vi danser i par med band rundt halsen i fagene RØD og BLÅ. Derfor er dette et tilbud for både kvinner og menn, både de som er enslig og de som er par. Desverre viser det seg over hele landet at mennene er i fåtall, men av de som har kommet med, er det ingen som har sluttet uten særskilt grunn.

## Hvorfor gå på Seniordans?

Det er en flott trimform, og en får trimmet hele kroppen, det inkluderer også hodet/hjernen. En må bruke hodet for å få med seg det som skjer i ringen, dvs en må konsentrere seg.

Derrest er det veldig sosialt og en treffer venner, gamle som nye. Er en ny på en plass er det en flott anledning til å bli kjent med både folket og stedet. Her snakker jeg av egen erfaring, for da jeg kom fremmed til Trøndelag i 2005, var det gjennom å begynne på seniordans at jeg ble kjent med bygdefolket.

Videre er det en fin måte å komme seg ut på, for skal en være med på seniordans må en stille til det klokkeslett den



Fra oppstarten 4. september.

starter. Det nytter ikke å tenke "skal bare gjøre det, og det først".

Liker en fin musikk er det nesten en grunn alene til å gå, og så blir en i veldig godt humør når en deltar for vi har det fryktelig morro. Ingen tar seg selv høytidlig og ingen er proffe, så det å gjøre/trå feil er en del av gemet.

Grunnen til at jeg startet her på Bokn var fordi jeg synes dette er fryktelig

kjekt, og jeg danset i Haugesund, på Karmøy og Aksdal. Jeg tenkte siden jeg bor på Bokn og det ikke er seniordans i denne kommune ville jeg gjøre et forsøk, og ville da slippe å kjøre til Haugesund på tirsdagene.

NÅ er det 12-stykker som er med utenom meg og vi har det veldig trivelig så dette ser ut til å bli. Dermed vil jeg oppfordre nye til å komme og alle skal vite at de er hjertelig velkommen.

## Kjekt på peparkake-Bokn

Så er tida inne for å tenka peparkaker og gjentakelse av suksessen frå i fjor.

Alle som har lyst kan sjølvstøtt vera med!

### Fylgjande klassar kan ein delta i:

- Enkeltpersonar
- Par (foreldrepar, kjærestepar, vener, syskenpar)
- Familjar
- Grupper ( skuleklasse, sykkellubb, motorklubb etc)

### Me lagar peparkakebygd og stiller dei ut i servicetorget!

Alt kan lagast:

Eige hus, andre sitt hus, fantasihus, Boknabrua, traktor, gravemaskin, fyrlykt, kyrkja, fleirbrukshall, naust, fiskebåt, utkikkskikkert, ferja, brannstasjon..

Me utfordrar alle ingeniørspirer, kunstnarspirer, handtverkarspirer, idemakarar etc. til å vera med å lage ein formidabel førjulstemning i servicetorget. Få pepparkakelukka til å leggja seg over Bokn i førjulstida.

**Kunstverka kan leverast i servicetorget frå 26. november og fram til og med 14. desember.** Det blir premiering av beste/mest kreative bakverk.



**Juryen er ikkje klar enno. Dette vil koma på bokn.no - følg med!**

[Alle bakverk som blir leverte inn kan hentast i servicetorget 21. desember.](#)

Dei bakverka som blir gitt til kommunen vert gjenstand for peparkakehusnusedagen som i år vert lille julaften. Så... våkn opp alle Pepperkake"Kjekt-på-Bokn"-bakarar... no er tida inne for å baka pepparkakebygda-bakverk!

**Helsing Peparkakevokterane i servicetorget**